

Førde, 26.02.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Bakkeelva kraftverk i Askvoll kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Bakkeelva kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Dalføra som Bakkeelva, og lenger oppe Storelva og Brekkelva, renn i, er mellom dei viktigaste friluftsområda i Askvoll. Det viktigaste utgangspunktet for desse turane er ein parkeringsplass på vestsida av elva eit stykke (350 – 400 m?) nord for den planlagde kraftstasjonen. Nær ved denne parkeringsplassen er det ei ny bru over til austsida av elva. Der brua kjem over elva er det anslagsvis 30 – 40 m til den planlagde røyrgatetraseen, bedømt ut frå kartet i Vedlegg 2 til konsesjonssøknaden.

Frå parkeringsplassen og brua går det turruter på begge sider av elva. På begge sider går turrutene først på traktorveggar og så går dei over på vanlege stiar. 5 av desse turrutene er omtala og kartfesta på <http://ut.no/>, sjå Vedlegg 1 lengst bak i dette dokumentet. Og så er det nokre andre ruter i tillegg.

Turrutene på vestsida av elva er dei viktigaste og mest brukte. Anslagsvis 500 m ovanfor der Brekkelva og Storelva renn saman og dannar Bakkeelva, deler stien seg i to hovudruter. Den eine held fram oppover til Nyksvatnet (der det er fleire alternativ for å gå vidare), den andre dreiar mot høgre, kryssar Brekkelva og går – på eit stykke avstand frå elva - oppover langs vestsida av Storelva til mellom anna Hålandsstølen og Holmedalsstølen. Eit tredje, og flott alternativ, er at ein - ikkje så veldig lenge etter at ein har gått frå parkeringsplassen – tek av til venstre og går vestover Ranen til toppen av det flotte utsiktsfjellet Dokka. Linkar til aktuelle turruter på <http://ut.no/>:

- Til Nyksvatn og vidare til toppen av Dokka: <http://ut.no/tur/2.5407/>
- Til Nyksvatn og vidare til toppen av Moldura: <http://ut.no/tur/2.5410/>
- Rundtur Nyksvatn – Hålandsstølen: <http://ut.no/tur/2.5408/>
- Til Dokka opp Ranen: <http://ut.no/tur/2.5409/>

Desse turrutene er ikkje på nokon stad i fysisk konflikt med den planlagde kraftutbygginga, men det er enkelte stadar visuell konflikt, dels med den delen av elva som vil få sterkt redusert vassføring, dels med inntaket og/eller røyrgatetraseen. Vi vil karakterisere det visuelle konfliktnivået som relativt lågt, fordi vegetasjonen i betydeleg grad skjermar for innsyn mot inngrepa. Men enkelte stadar er det klår konflikt.



På austsida av elva nemner vi to turruter. Den eine går først på traktorveg og så på sti i nordleg retning, og i eller nokså nær den planlagde røyrgatetraseen. Etter at det planlagde inntaket er passert, dreiar turruta austover til Bakkestølen. Denne ruta er ikkje omtala på <http://ut.no/>, men er stippla på ein del kart, mellom anna NVE-Atlas.

Den andre ruta på austsida går først på traktorveg og så på stiar i austleg retning til toppen av Bakkefjellet. Ruta er omtala og kartfesta på: <http://ut.no/tur/2.5645/>. Dette er eit ganske mykje brukt turmål. Eit alternativ på denne ruta er å ta av anslagsvis midtvegs og gå nordover til Bogestølen.

Begge desse rutene, men særleg den første sjølvst, vil det i anleggsperioden vere i **sterk** fysisk konflikt med kraftutbygginga. Den første ruta kan ein rekne med vert sperra i store delar av anleggsperioden. Etter at anleggsarbeidet er ferdig, vil konflikten i all hovudsak gjelde den første av rutene. Der vil både røyrgatetraseen og inntaket vere i permanent konflikt med turruta.

For å redusere det varige konfliktnivået, er det viktig at minimum den nye delen av anleggsvegen, 550 m står det i konsesjonssøknaden, vert omgjort til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig. Då vil inngrepa bli dempa ein del (vegen blir grøn), samstundes som vegtraseen framleis vil gje ein fullt ut tilfredsstillande tilkomst til inntaket. Utforminga av inntaket vil også vere viktig.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne i intervallet mellom maksimum 191,8% og minimum 9,6% er ei høg men likevel i dag dessverre ei nokså normal vassutnytting. Men kombinert med ei minstevassføring heile året på berre 28 l/s, eller 3,8% av middelvassføringa blir dette ei hard utbygging. Altfor hard!

2.2.1 Hydrologi og tilsig: Vi reagerer på at 5-persentil sommar berre er 32 l/s, eller 4,4% av middelvassføringa for heile året, 730 l/s. No ser vi ikkje bort frå at det i løpet av perioden 1. mai – 30. september kan vere i alt 8 dagar der vassføringa i elva ikkje overstig 32 l/s, sjølv om det verkar litt merkeleg at 5-persentil sommar skal vere så låg. Men slike kystnære elvar kan tørke veldig ut når det er langvarige tørkeperiodar i løpet av perioden 1.5 – 30.9, så det er ikkje umogeleg heller at 5-persentilen kan vere så låg. Men med ei middelvassføring heile året på 730 l/s og ei middelvassføring om sommaren som er enda litt høgare, så er ikkje dei typisk låge vassføringane om sommaren så låge som berre maksimum 32 l/s. Dette er ikkje vanleg for andre elvar av tilsvarende storleik. Vårt syn er at 32 l/s ikkje er eit brukbart grunnlag for fastsetting av minstevassføringa om sommaren. Vi meiner at minstevassføringa om sommaren må vere høgare for å sikre eit tilfredsstillande liv i elva, inklusive mat til fisken. Helst bør den vere minst 100 l/s, eller i alle fall ikkje mindre enn 10% av middelvassføringa. **Vi ber NVE vurdere dette grundig!**

2.2.4 Inntak: At inntaket er planlagt med steinplastring ved bruk av stadlege massar, ser vi positivt på – viss det vert gjort ”pent arbeid”. Vi ber både NVE og utbyggaren vurdere om dammen kan gjerast litt lågare enn 4 m viss ein som kompensasjon for lægre damhøgde kan grave ut massar på innsida av dammen. Dette må vurderast nærare under sluttsynfaringa.

2.2.5 Vassveg: I samandraget fremst i konsesjonssøknaden står det at røyrgata er Ø 800 mm. I punkt 2.2.5 står det Ø900 mm. Vi går ut frå at utbyggaren klargjer overfor NVE kva som er det rette. Anna kommentar: I konsesjonssøknaden er det etter vårt syn altfor lite klargjort om det er konflikt mellom røyrgatetraseen og kraftstasjonen på den eine sida og kulturminnet Trollefosse Ullvarefabrikk på den andre. I Figur 20 er det gitt litt ufullstendig informasjon, men verken røyrgatetraseen eller kraftstasjonen er teikna inn. Kartet i Vedlegg 2 er altfor lite detaljert i kraftstasjonsområdet til å kunne vurdere konfliktnivået mellom røyrgate/kraftstasjon og Ullvarefabrikken. **Vi ber NVE om å krevje meir info frå utbyggaren og å legge dette fram for Kulturavdelinga i Fylkeskommunen!**

2.2.6 Kraftstasjon: Vi merkar oss at det vert lagt vekt på god støydemping av kraftstasjonen, og det er bra. Men plasseringa av kraftstasjonen må vurderast nærare. Ei høgst aktuell plassering kan vere oppstrøms Trollefossen. Grunngeving for dette:

- Det er (som alt nemnt) gitt altfor dårleg informasjon om eventuelle konflikhtar mellom kulturminnet Trollefossen Ullvarefabrikk og den nedste delen av røyrgatetraseen + kraftstasjonen. Det må vurderast om konfliktnivået kan reduserast viss kraftstasjonen vert plassert oppstrøms Trollefossen. Det vil også sikre naturleg vassføring i sjølve fossen.
- Ei slik plassering vil gjere at heile den anadrome strekninga i Bakkeelva får naturleg vassføring.

Vi ber NVE om å krevje å få ei skikkeleg utgreiing av fordelar og ulemper med plassering av kraftstasjonen oppstrøms Trollefossen samanlikna med konsesjonssøkt plassering.

Omløpsventil i kraftstasjonen: **Vi ber NVE om sterkt å vurdere å krevje installering av omløpsventil i kraftstasjonen.** Med tanke på at det er ei viktig anadrom strekning med både laks og sjøaure i den nedre delen av Bakkeelva (frå litt oppstrøms den planlagde kraftstasjonen), kan dette vere viktig! Grunngeving for at vi ber om at dette vert vurdert:

- Den omsøkte minstevassføringa er veldig låg.
- Brekkelva gir eit tilleggstilsg til Bakkeelva nedstrøms inntaket, men dette tilleggstilsgit kan vere veldig lite. 5-persentilane ved inntaket er berre 28 og 32 l/s. Brekkelva er mykje mindre enn Storelva v/inntaket, og dermed må 5-persentilane for Brekkelva også vere mykje mindre. Nyksvatnet er inntak til Holmedal vassverk. I tørre periodar vil ein vesentleg del av vatnet i Brekkelva gå til vassverket. Mest vatn går det sannsynlegvis i samband med hagevatning i tørre periodar om sommaren. Vi kjenner ikkje vassføringstala, men reknar med at i tørre periodar med mykje hagevatning vil det ikkje vere overløp frå Nyksvatnet, slik at Brekkelva vert tørr nedstrøms vatnet. I slike periodar vil det, ved bråstopp i kraftstasjonen, verte kritisk for fisken nedstraums stasjonen viss det ikkje er installert omløpsventil.
- Vår vurdering er at fisken på den anadrome strekninga er så viktig at "føre var-prinsippet" tilseier at det bør installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

2.2.8 Vegbygging: Vi ber NVE om å sette krav om at den heilt nye vegen opp til inntaket, om lag 550 m, (eller helst heile vegen) vert omgjort til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig.

2.2.10 Nettilknytning: Vi ber NVE om å vurdere å sette fram krav om heil (helst) eller delvis nedgraving av linja mellom kraftstasjonen og den eksisterande 22 kV-linja.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.6 Terrestrisk miljø: Ved elva på utbyggingsstrekninga er det registrert ein Viktig naturtype. **Vi ber NVE vurdere om auka minstevassføring vil verke positivt på denne naturtypen.**

3.7 Akvatisk miljø: Av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga går det fram at Bakkeelva er viktig for laks og sjøaure, og at tilhøva for desse fiskeslaga har vorte betre dei seinare åra grunna betra vasskvalitet. Dette tilseier at det må gjerast tiltak i samband med utbygginga, slik at fisken på den anadrome strekninga ikkje vert skadelidande verken på grunn av mindre mat eller på grunn av raske vasstandsreduksjonar i elva. Aktuelle tiltak vil då vere:

- Auka minstevassføring.
- Omløpsventil i kraftstasjonen.
- Flytting av kraftstasjonen til oppstrøms Trollfossen.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø: Som tidlegare påpeika, har konsesjonssøknaden med vedlegg altfor lite informasjon om konsekvensane for kulturminnet/kulturmiljøet Trollefossen Ullvarefabrikk. Vi ber NVE krevje tilleggsinfo. Eit aktuelt tiltak for å redusere konfliktnivået er å flytte kraftstasjonen til oppstrøms Trollefossen. Vi ber NVE vurdere å sette fram krav om dette.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

4 Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna. Dette gjeld både auka minstevassføring, omløpsventil i kraftstasjonen, omgjerding av den nye vegen opp til inntaket til køyresterkt terreng og flytting av kraftstasjonen til oppstrøms Trollefossen.

Vi merkar oss med stor glede følgjande - sitat frå konsesjonssøknaden:

"Anlegget vil verte bygd slik at inntaksområdet vert minst mogleg synleg. Ein vil legge stor vekt på at både inntak og dam vert best mogleg tilpassa omgjevnadane og bygd etter lokal byggeskikk. Det vert også lagt stor vekt på støyreduisering frå stasjon."

Dette er bra, akkurat slik vi ønskjer at det skal vere!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Bakkeelva kraftverk er i klår konflikt med friluftinteressene (og ein del andre interesser), og det er store friluftinteressar i området. Men dei viktigaste friluftsområda er på vestsida av elva, og i liten grad tett på elva, medan inngrepa i samband med utbygginga er på austsida og forholdsvis lite synlege frå dei viktige friluftsområda på vestsida. Med bakgrunn i dette har vi kome til at konfliktnivået med friluftinteressene er lågt nok til at vi kan akseptere utbygginga, sjølv om det er ein del friluftinteressar også på austsida.

Når det gjeld konfliktane med kulturminne/kulturmiljø og spørsmålet om eventuell flytting av kraftstasjonen til oppstrøms Trollefossen, så er det Fylkeskommunen v/Kulturavdelinga som har fagfolka til å vurdere dette, så vi reknar med at NVE syter for at dei får god nok informasjon til å kunne gjere den vurderinga godt nok. Elles nemner vi at også for oss i Turlaget er kulturminne og kulturmiljø ofte ein viktig del av turopplevinga. Så dette er noko mange av oss er interesserte i!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1. Kart over aktuelle turruter, henta frå <http://ut.no/>. NB! Alle rutene har same startpunkt:


Til utsiktspunktet Dokka via Nyksvatn: <http://ut.no/tur/2.5407/>




Til fjellet Moldura via Nyksvatn: <http://ut.no/tur/2.5410/>



Rundtur til Nyksvatn og Hålandsstølen: <http://ut.no/tur/2.5408/>



Til toppen av utsiktsfjellet Dokka via Ranen (fjellryggen mot sør): <http://ut.no/tur/2.5409/>



Til toppen av Bakkefjellet: <http://ut.no/tur/2.5645/>

